



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Att. Anne Johanne Rognstad
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr</i>	<i>Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2018/972	11936/2018	AST	07.09.2018

UTTALE TIL SØKNAD OM ENDRA REGULERINGSREGIME I LITLEVATN OG MOSVATN

Viser til søknad frå Tussa Energi AS om løyve til endra reguleringsregime i Litlevatn i Ulstein kommune og Mosvatn i Hareid kommune. Ulstein kommune har følgjande kommentarar:

1. Det er opplyst i søknaden at eksisterande turveg mellom Litlevatnet og Mosvatnet har tidlegare vore anleggsveg. Dette er berre delvis korrekt. For strekninga frå utløp av Litlevatnet til Osnesdalen stemmer dette, men frå Osnesdalen til Mosvatnet har det aldri vore bygd nokon anleggsveg. Denne delen av turvegen er bygd på torv/myrdekke med fiberduk og grus. **I størstedelen av denne traséen ligg også hovudvassleidninga frå Mosvatnet.** Dersom tiltaket skal realiserast må det difor byggast ein separat anleggsveg godt til sides for noverande turveg på denne strekninga for å unngå skade på turvegen og vassleidninga. Strekninga frå Litlevatnet til Osnesdalen vil derimot truleg kunne nyttast som utgangspunkt til ein anleggsveg. Etter intensjonane kan turvegen elles i heile si strekning mellom Litlevatnet og Mosvatnet nyttast til køyring med ATV med lett last.
2. Etter det vi kan sjå er ikkje søknaden oversendt til alle grunneigarane i området. For bygging av anleggsveg mellom Osnesdalen og Mosvatnet er der fleire eigarar tilhøyrande gnr. 6 som verte berørt og som har uttalerett.
3. Området og terrenget rundt Litlevatnet består i stor grad av myr og fuktige leirmassar. Ei senking av HRV med 2 m vil i praksis medføre at det vert lågare vasstand, også ein vasstand som kjem oftare nærare LRV enn ved dagens HRV-nivå. Dette vil kunne føre til at store areal rund heile Litlevatnet vil verte tørrlagt. I eit såpass populært og attraktivt turområde vil dette kunne medføre ein fare for folk i høve trygg ferdsel, i tillegg til at slike landskapsmessige endringar vil ha negativ effekt på opplevingskvaliteten for området. Det vil også kunne vere til fare for at husdyr på beite kan sete seg fast i myra.
4. Vi saknar eit kart som syner faktisk arealendring ved Litlevatnet dersom vasstanden vert senka til LRV (304 moh) for å kunne ta betre stilling til konsekvensane med senking av HRV. Når ein slik viktig informasjon ikkje er vedlagt søknaden vil Ulstein kommune nytte «føre-var-prinsippet» i naturmangfaldlova § 9.
5. I høve nedgraving av gammal demning meiner Ulstein kommune at dersom den ikkje har heraldisk verdi bør den fjernast.

Samla sett meiner Ulstein kommune at ein senking av HRV for Litlevatnet vil vere uheldig og difor ikkje ønskjeleg. I høve ei eventuell senking av HRV for Mostvatnet må det takast omsyn til punkta 1 og 2 over.

(Uttalen er sendt til nve@nve.no)

Med helsing

Ulstein kommune
v/Arild Støylen
Ingeniør byggesak/miljøvern

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur